






EID KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I EID KOMMUNE			
Møtestad:	Møterom 1. etg.	Møtedato:	08.02.2012
		Frå kl. :	10:00
		Til kl. :	13:20
<b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet :</b>			
	Møtte:	Forfall:	Merknader :
Roy Andre H Bruvoll	X		
Kristen Hundeide.		X	
Hilde Henriksen.	X		
Siv Emdal.	X		
Ørjan Tystad	X		
<b>Personlege varamedlemmer :</b>			
	Møtte:		
Ida Elisabeth Lien Øhrvik			
Karin Husevåg			
Eivind Bjørke			
Terje Johnsen			
Kåre Nils Os			
<b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>			
<b>Andre som møtte :</b>			
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Rådmann v/Elin Leikanger sak 02 - 03/12 og 10-11/12. Revisor Kay Rune Solheim, sak 10-11/12.			
<b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet :</b>			
<b>SAKLISTA I MØTET :</b>			
001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.			
002/12 Effektivering av kommunestyrevedtak 058/11 Sal av kommunale eigedomar v/rådmannen.			
003/12 Beredskapsplan ekstremver og liknande - orientering v/rådmannen.			
004/12 Skriv og meldingar.			
005/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.			
006/12 Møtebok 2012 frå kontrollutvalet.			
007/12 Orientering protokollar utval/styre i Eid kommune.			
008/12 Oppfølgingsliste 1-2012 - Eid.			
009/12 Eventuelt.			
010/12 Prosjektrekneskap nr 4472 Rockescene ved Eid vidaregåandeskule.			
011/12: Prosjektrekneskap nr 1028 Kulturbygg Mehl.			
<b>Merknader :</b>			
Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.			
<b>UNDERSKRIFTER :</b>			
 Roy Andre H Bruvoll (leiar)			
 Hilde Henriksen		 Siv Emdal	
		 Ørjan Tystad	
		 Asgeir Tveit, sekretær	

## 001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 31.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.02.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**002/12: EFFEKTUERING AV KOMMUNESTYREVEDTAK 058/11 – SAL AV  
KOMMUNALE EIGEDOMAR V/RÅDMANNEN**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 31.01.2012

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saknr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	08.02.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

**Saksvedlegg**

- Brev frå Sekom-sekretariat om effekteiring av kommunestyrevedtak 058/11 Sal av kommunale eigedomar – barnehagane Prestemarka og Skipenes, datert 31.01.2012.
- Kommunestyrevedtak 058/11.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kommunelova.
- Forvaltningslova.

**Sekretariatet si tilråding til kontrollutvalet:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitande.

---

Bygningane vil bli lyste ut for sal i laupet av våren.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitande.

Saksutgreiing

**EFFEKTUERING AV KOMMUNESTYREVEDTAK 058/11 – SAL AV  
KOMMUNALE EIGEDOMAR V/RÅDMANNEN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Orientering om effektuering av kommunestyrevedtak 058/11 – Sal av kommunale eigedomar v/rådmannen – Barnehagane Prestemarka og Skipenes.

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalsleiar har ansvar for saklista til kontrollutvalsmøte. Kontrollutvalsleiar har bede om at det vert sett opp ei sak der ein ber rådmannen orientere om status vedrørende effektuering av kommunestyrevedtak 058/11 Sal av kommunale eigedomar vedrørende barnehagane Prestemarka og Skipenes.

Sekom-sekretariat har sendt brev til Eid kommune 27.01.2012 der ein ber rådmannen møte i kontrollutvalsmøtet 8. februar 2012 for å orientere om ovanfor nemnde.

Kommunestyrevedtak 058/11 ligg ved saka. Vi viser til dette for nærare orientering om saka.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

## 003/12: BEREDSKAPSPLAN EKSTREMVER OG LIKNANDE – ORIENTERING VED RÅDMANNEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 01.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.02.2012	003/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Brev frå Sekom-sekretariat TIL Eid kommune om beredskapsplan ved ekstremver – stormen Dagmar – evaluering etter stormen, datert 27.01.2012.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forvaltningslova.

### Sekretariatet si tilråding til kontrollutvalet:

Det vert ikkje skrive tilråding frå sekretariatet i saka.

---

Eid kommune har kriseplan og ei kriseleiingsgruppe.

Kriseplanen kan verke noko omfattande.

Det skal vere konferanse vedrørende arbeid med kriseplan i nær framtid.

Det vil bli jobba vidare med ROS-analyse.

Det vart orientert om kva som skjedde av tiltak frå kommunen si side 1. juledag.

Brannvernet var i aksjon med 19 personar utover kvelden.

Det vart ikkje oppfatta som dramatisk av driftsavdelinga kvelden 1. juledag.

2. juledag møtte heile kriseleiinga for orientering og diskusjon om evt. tiltak. Det vart avtalt nytt møte om ettermiddagen.

Det var folk på rådhuset heile dagen.

Det vart sendt melding om situasjonen i Eid til fylkesmannen i laupet av kvelden 2. juledag via satelittelefon i Måløy.

2. juledag fekk ein kommunikasjon om kvelden og ein fekk nytta den særskilte rapporteringsrutinane/-systemet for slike situasjonar.

Kommunen hadde kontroll på situasjonen.

Store ekstrakostnader pga folk på arbeid i samband med situasjonen.

Kommunen vil særskilt sjå på fire punkt framover:

- Beredskapsplan.
- Tele- og datanett; må ha minst ein satelittelefon, avsett pengar,- til dette.
- Naudaggregat.
- Sjøgata – Vatn kjem inn, men renn ikkje ut igjen. Det må setjast i verk tiltak for å ordne på dette.

Kva er kommunen sitt ansvar? Privatpersonar har stort sett ansvar for seg sjølv.

## **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
- Kontrollutvalet vil følge opp at kommunen set i verk dei tiltaka som vart skissert under orientering.
- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen for å få status i arbeidet på slutten av året.

Saksutgreiing

## **BEREDSKAPSPLAN EKSTREMVER OG LIKNANDE – ORIENTERING VED RÅDMANNEN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Orientering ved rådmannen om evt. beredskapsplan for Eid kommune i samband med ekstremver og liknande med utgangspunkt i det som har skjedd i Eid kommune i samband med stormen Dagmar.

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalsleiar har ansvar for saklista til kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalsleiar har bede om at det vert sett opp ei sak der ein ber rådmannen orientere om beredskapsplan for Eid kommune i samband med følgjene av ekstremver, handteringa rundt førebuing til stormen Dagmar, handteringa av følgjene av Dagmar og korleis handteringa fungerte i høve til evt. planar for korleis Eid kommune skal handtere ekstremver, store øydeleggingar eller liknande.

Sekom-sekretariat har sendt brev til Eid kommune 27.01.2012 der ein ber rådmannen møte i kontrollutvalsmøtet 8. februar 2012 for å orientere om ovanfor nemnde.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Vedtaket til kontrollutvalet i saka vil vere avhengig av kva som kjem fram under orienteringa til rådmannen.

## 004/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit sekretariat  
Dato: 01.02.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.02.2012	004/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

SM 01-12: Vedtak kommunestyresak 121/11 Referatsaker – Etterbetaling av godtgjersle til kontrollutvalet v/leiaren.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.



Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 005/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I EID

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

**Dato:** 01.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	08.02.2012	005/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Eid kommune vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Eid kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

## **ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I EID**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret

### **Saksopplysningar:**

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Eid

---

Eid kommunestyre

## ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Eid kommune har i år 2011 vore samansett slik:

Perioden 01. januar – 06. oktober 2011:

Medlemer:

Liv Stokkenes Jacobsen (leiar)  
Arild Even Lillebø Opsal (nestleiar)  
Roy Andre H Bruvoll  
Kristbjørg Sandvik  
Kåre Nils Os

Varamedlemer:

Torbjørgh Lefdal  
Rune Rotevatn  
Ragnvald Sandvik  
Magnhild Bjørlo  
Kåre Elling Folkestad

Perioden 06. oktober – 31. desember 2011:

Medlemer:

Roy Andre H Bruvoll (leiar)  
Kristen Hundeide (nestleiar)  
Siv Emdal  
Hilde Henriksen  
Ørjan Tystad

Varamedlemer:

Ida Elisabeth Lien Ohrvik  
Karin Husevåg  
Eivind Bjørke  
Eivind Johnsen  
Kåre Nils Os

Sekom sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Eid halde fem møte der det er handsama i alt 43saker.

Kontrollutvalet har i 2011 vedteke at kontrollutvalsmøta skal gå for opne dører.

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Eid

Kontrollutvalet tinga i 2011 forvaltningsrevisjonsprosjektet: "Optimal bruk av tilgjengelege tilskotsordningar". Rapport for prosjektet er levert, handsama i kontrollutvalet og sendt kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet har også følgd opp kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten «Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune». Kontrollutvalet laga tilråding i saka. Denne vart sendt kommunestyret for endeleg vedtak.

Kontrollutvalet har i 2011 tinga overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Overordna analyse er grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret skal vedta innan utgangen av 2012. Det vil i utgangspunktet ikkje bli tinga nye forvaltningsrevisjonsprosjekt før nemnde plan er vedteken.

Kontrollutvalet tinga i 2010 eigarskapskontroll inn mot Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Dette var eit samarbeidsprosjekt med dei andre eigarkommunane i Sunnfjord, Nordfjord og Ytre Sogn. Rapport for prosjektet vart levert i 2011. Kontrollutvalet laga tilråding i saka som vart sendt kommunestyret for vedtak.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Kontrollutvalet har i 2011 ved høve kalla inn rådmannen for å orientere. Rådmannen har i 2011 orientert om følgjande:

- Finansforvaltninga i Eid kommune.
- Praktisering av forvaltningslova § 11a.
- Investeringsprosjekt under arbeid.
- Kommunedelplan for grunnskulen i Eid kommune.

Kontrollutvalet har gjeve fråsegn til årsrekneskapen 2010 for Eid kommune og til årsrekneskapen 2010 for Eid Fjordvarme KF.

Kontrollutvalet har også gjeve fråsegn til rekneskapar og sluttrapportar for følgjande investeringsprosjekt:

- Prosjekt nr 4443 Eid rådhus – ombygging og prosjekt nr 4468 Eid rådhus – oppgradering.
- Prosjekt nr 4605 Nærings-/bustadareal Holmøyane og prosjekt nr 4711 Bustadfelt Holmøyane.

Kontrollutvalet har i 2011 handsama sak om ubundenskapen til oppdragsansvarleg revisor. Saka vart sendt kommunestyret til orientering.

I samband med at vi har gått inn i ein ny valperiode med nyvalt kontrollutval, har Sekom-sekretariat orientert om rolla og oppgåvene til sekretariatet for kontrollutvalet, rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og møterutinar. Kontrollutvalet er også meldt på til seminar med innhald; rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet deltok også i folkevaldopplæringa til Eid kommune.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste", "Eventuelt og "Orientering – protokollar utval/styre".

Utover dette har kontrollutvalet handsama sakene «Møteplan 2011 for kontrollutvalet», «Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet» og «Godtgjersle kontrollutvalet».

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat


Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Eid

---


Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.


Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å følge med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Nordfordeid den 08. februar 2012.

  
Roy Andre Høyenes Bruvoll  
Leiar

  
Hilde Henriksen

  
Siv Emdal

  
Ørjan Tystad

---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 006/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I EID 2012

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 01.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	08.02.2012	006/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

### Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan i kontrollutvalet.
- Møteplan 2012, Eid kommune.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2012 vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2012 vert godkjent med dei endringar som vart bestemt i møtet.

Saksutgreiing

## **MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I EID 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2012.

### **Saksopplysningar:**

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøtet. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL EID KOMMUNE 2012

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		8.		16.		7.		28.			22.	
FORMANNSKAP	12.	16	22.	19.	10.	14.		30.	13.	11.	1.15./29.	
KOMMUNESTYRET	19.		1./29.	26.	24.	21			6.	25.		13.

## 007/12 ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 01.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.02.2012	007/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	-
Kommunestyret	-	-	-	-

### Saksvedlegg

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova § 77.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er tekne til vitande.

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er tekne til vitande.

Saksutgreiing

## **ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Medlemmane i kontrollutvalet orienterer om vedtaka i ulike politiske utval/styre i Eid kommune på grunnlag av protokollane frå aktuelle møte.

### **Saksopplysningar:**

Siv Emdal orienterer frå protokollar for møte i driftsutvalet.

Hilde Henriksen orienterer frå protokollar for møte i utval for samfunnsutvikling, kulturstyret.

Kristen Hundeide orienterer frå protokollar for møte i formannskapet.

Protokollar vert fortløupande sendt frå Eid kommune til dei respektive medlemene nemnt ovanfor.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Kontrollutvalet bør på grunnlag av informasjonen vurdere om det er vedtak dei bør følgje opp.

## 008/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - EID

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 01.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	08.02.2012	008/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Eid.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 1-2012 – Eid vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Sak om oppfølging av innkjøpsfunksjonen, jfr sak 25/11 vert ført opp igjen på oppfølgingslista.
- Kontrollutvalet ber om at presentasjonane på seminaret på Skei 23.01.2012 vert sendt dei medlemene som ikkje vart til stades.

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - EID**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 01. februar 2012.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 009/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 01.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.02.2012	009/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker.

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

## 010/12 PROSJEKTRKNESEKAP – PROSJEKT NR 4472 ROCKESCENE VED EVS

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 02.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.02.2012	010/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4472 Rockescene ved EVS.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Økonomireglement for Eid kommune.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

1. Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4472 ROCKESCENE VED EVS**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4472 Rockescene ved EVS. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 5.266.503,22. Budsjettramma for prosjektet var kr. 5.000.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit meirforbruk i høve til budsjett på kr. 266.503,22.

I sluttrapporten går det fram at prosjektet skulle vere sjølvfinansierande, finansiert med momsrefusjon og midlar frå andre. Prosjektet har ikkje fått dei inntektene som var forventade, og har såleis eit underskot på kr. 993.602,34. Sluttrapporten skildrar årsakene til overskriding.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til kva måte prosjektet skal fullfinansierast.

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.



## 011/12 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 1028 KULTURBYGG MEHL

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 02.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	08.02.2012	011/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 1028 Kulturbygg Mehl.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Økonomireglement for Eid kommune.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

1. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

## **PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 1028 KULTURBYGG MEHL**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 1028 Kulturbygg Mehl. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

### **Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 71.470.222,10. Budsjettramma for prosjektet var kr. 73.975.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 2.479.777.

Av sluttrapporten går det fram korleis prosjektet er finansiert, og at det pr. 31.10.11 står att ubrukte lån på kr. 2.383.507,90.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til kva måte prosjektet skal fullfinansierast.

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket, kan godkjennast slik han ligg føre.